

LOP-TUR TIL NORD-VESTLANDET 14. – 16. JUNI

Av Anne og Ola Grøslund

Reidun Snerle

Foto: Palmer Ruste

40 forventningsfulle pensjonistar sat i bussen frå Per Gynt-tur på tur over Dovre, Lesja og ned Romsdalen, trygt køyrt av den humoristiske sjåføren Erik Strømmen. Fleire av passasjerane kom opphavleg frå området vi køyrde gjennom, og Kari Bjølgerud Hansen og Marit Mølmen Årnes fortale om Romsdalen og Åndalsnes og området utover til Molde.



Etter ein rast nedunder **Trollveggen** vart neste stoppestaden **Romsdalsmuseet** i **Molde**, grunnlagt i 1912. Her vart vi mottekne i det nye administrasjonsbygget i moderne tindestil, **Kronen**. Vi fekk skikkeleg god og kraftig fiskesuppe, og ein dyktig guide gav ei innhaldsrik innføring i museet, utstillingane og historia til byen og områda rundt.



På 12-

og 1300-talet var Veøy ute i fjorden eit maktsentrum, for her var det eigna båthamner på ulike sider. Heile tre kyrkjer og dei eldste kristne gravene frå 800-talet seier sitt om historia. Byen Molde fekk bystatus i 1742 og vart sterkt bomba i 1940.

Turen gjekk vidare forbi ymse fjordarmar til **Bud**, ein annan viktig historisk stad. Her var det kaffi med mektig marsipankake i eit lite rom som fekk oss til å høyrast ut som eit talekor. Til **Kristiansund** køyrde vi mellom anna **Atlanterhavsvegen**, og her vart det geografisk innføring av reiseleiaren Birgit Dyrseth, som i høgste grad var på heimebane både når det gjeld opphav og fag. Ein stopp med god kvitvin ved inngangen til **Håholmen** sette nok alle pris på.





Etter ein lang dag med mange inntrykk var det fint å slappe av på hotell Scandic.

Vi var ti stykke som hadde meldt oss på **byvandringa** som skulle gjera oss kjende med byen og omgjevnaden. Uheldige

omstende og misforståingar gjorde at det vart eit redusert opplegg.



I staden for vandring måtte det da bli tur med Sundbåten (som elles var gratis for alle).

Vi fekk ein god del informasjon om utviklinga av **Kristiansund** som klippfiskby og handelsstad. Guiden hadde mykje å fortelje om Fosnakulturen, om framveksten av klippfiskproduksjon. John Ramsey var den som tok opp att verksemda etter at nederlandaren Jappe Ippes hadde mislykkast. Alt dette fekk vi sjå og høyre meir om på Klippfiskmuseet. Men det var etter at vi hadde «vandra» rundt vågen med Sundbåten. Heilt frå 1876 hadde Sundbåten drive kollektivtrafikk, med 500 passasjerar fyrste året og 2,6 mill. passasjerar på årsbasis i 2022, og er verdas eldste kollektivtilbod.

I følge programmet skulle vi avslutte vandringa på **Klippfiskmuseet**, noko guiden heller ikkje visste. Det fekk vi ordna opp i, og det var bestilt til oss der kl. 12.30. Vi fann vegen dit, og ein guide møtte oss. Takka vera ein framifrå flink guide og eit uvanleg autentisk museum, vart dette dagens høgdepunkt for oss. I tre høgder i fabrikkjen fekk vi sjå alle prosessane i klippfiskproduksjonen, illustrert med bilde frå arbeidet. Det var særleg interessant å høyre korleis kvinner (og til dels barn) kunne tene egne pengar, om enn i eit temmeleg hardt

yrke.

Frå Klippmuseet vart det «byvandring» utan guide gjennom Gomalandet og rundt Vågen, med kaffe og matpause under vegs.

Vi var 30 som tok båtturen ut til øya **Grip**. I si tid var det den minste kommunen i landet, men nå er det berre feriestad og ikkje minst turistmagnet.



Ei engasjert jente førte oss rundt og fortalde om øya, om fisket og stormane, om kyrkja og bacalaofestane i forsamlingshuset. Grip var ikkje minst viktig for framstilling av klippfisk.





Tilbake til Kristiansund, som også fekk bystatus i 1742, var det mange som gjekk opp til **Vanndammane** og **Vardetårnet** med storfelt utsyn over byen.

Dagen vart avslutta med bacalaomåltid på den **eksotiske restauranten Smia**, som faktisk hadde ei smie som utgangspunkt.



Dagen etterpå var det å stige inn i bussen til kl 09.00 og ta turen inn i landet att. Fyrste stopp var **Tingvoll ost**, ei familiebedrift som har pesialisert seg på ost og har vunne fleire prisar.

Høgdepunktet var nok da dei vart World Champion i Spania i 2016 for osten Kraftkar. Eigaren hadde ei livfull innføring både om garden og osteproduksjonen. Sjølv sagt vart det både smaksprøver og handel.



Imponerende var **Tingvoll kyrkje**, ei steinkyrkje med barokkinteriør frå 1200-talet. Den pensjonerte organisten Tor Strand både fortalde om kyrkja og ikkje minst heldt ein orgelkonsert. Eit par nummer song ein del av oss til.



Vidare gjekk turen om **Sunndalsøra**, som Ivar Teigum delte nokre inntrykk og opplevingar av, og Oppdal. Undervegs sytte Berit Tangvik for at det var fleire allsongar i bussen. Før vi stana på **Kongsvoll fjellstue**, prata Ola Grøslund om fjellhagen og grunnleggjaren Thekla Resvoll. Det var nok i tidlegaste laget for å sjå mange plantar i hagen, men ikkje for eit godt måltid på fjellstua.



Siste
etappen

for bussen med velnøgde passasjerar var over Dovrefjell attende til Gudbrandsdalen. Alle slutta seg til takken Øyvind Byre retta til bussjåfør Erik og reiseleiar Birgit.

